

## Innkalling og referat – SU-møte ved Klepp ungdomsskule

Dato og tid for møte: 21.02.23, 18:00

Rom: Møterom Varden

### Møtte:

Representant			Vararepresentant	
Amal Abdu Rahim Al-Hasnawi	Elev	X		
Jonatan Klausen Velde	Elev	X		
Hanne Bloch Valebjørg	Forelder	X		
Geir Erik Ellefsen	Forelder	X		
Caroline Erevik	Andre tilsette	X		
Hege Oseland	Lærer	X		
Janne Harveland	Lærer	X		
Raymond Kråkenes	Politikar	X	Torunn Austdal Rasmussen	
Sigurd Ravndal	Rektor	X		

### Fråvere: Alle møtte

22/23-1	<i>Informasjon om SU og SMU</i>
<b>Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Presentasjon av deltakarane</li><li>- Rektor viser og forklarar.</li><li>- <a href="https://www.minskole.no/kleppu/Underside/5879">https://www.minskole.no/kleppu/Underside/5879</a></li></ul>	
<b>Kva blei bestemt:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- SU tek til orientering</li></ul>	

22/23-2	<i>Konstituering av SU</i>
<b>Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- SU må velja ein leiar og ein nestleiar. Rektor er referent.</li></ul>	
<b>Kva blei bestemt:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Leiar: Geir Erik Ellefsen</li><li>- Nestleiar: Caroline Erevik</li></ul>	

22/23-3	<i>Kort om utviklingsplan og skulen</i>
<b>Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Rektor tek kort om skulen</li><li>- <a href="https://www.minskole.no/kleppu/Underside/3802">https://www.minskole.no/kleppu/Underside/3802</a></li><li>- <a href="https://www.minskole.no/kleppu/Underside/15189">https://www.minskole.no/kleppu/Underside/15189</a></li></ul>	
<b>Kva blei bestemt:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- SU tek til orientering</li></ul>	

**Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:**

- Rektor viser tilhøyrande dokument.
  - o §2-3 Engelsvoll, Horpestad og Kleppe skule – Klepp U
  - o Kart
  - o Høyringa med forslag om vedtak

**Høyring**

Det blei ei god drøfting rundt saka der alle kom med innspel for og imot gjeldande forslag. Her er ei oppsummering av innspela:

- Det er problematisk å splitte klassar etter 7 år på ein barneskule, der t.d sårbare elevar blir skilt til ulike ungdomsskular.
- Går det an å ha fleksible statuttar i dette, slik at ein kan ta vurderingar ut frå barnets beste kor den enkelte skal gå?
- Me frykter at det er gatar som blir splitta på ein ugrei måte. Me frykter at grupper med elevar blir splitta på ein ugrei måte, der t.d to elevar i same gate som tolv andre, hamnar på ulike skular – der alle ønskjer å vera i lag.
- Skal alle få lov å velja? Skal foreldra ta dette valet? Kva om det er feil for ungdommen etter ei tid?
- Fordelen med heilt forutsigbare grenser som ikkje skal vurderast, er at ingen må ta val – ting er bestemt på førehand og ingenting å diskutera.
- Tryggleik er viktig – kva vil skapa mest tryggleik?
- Må vera ventilar – reglane må ikkje trumfa behova til den enkelte elev
- Er det klart at det er rom for å søkja om å gå på den andre ungdomsskolen? Vil ein få ja viss det er ledig kapasitet?
- Er det henta inn erfaringar frå andre barneskular som leverer til to eller fleire ungdomsskular? Vil det vera nyttig å gjera nå om det ikkje er gjort?
- Foreldra må få god informasjon i kva som gjeld – om det er mogleg å søkja, om kor ein skal gå, og anna viktig rundt vidare skulegang etter barneskulen. Her må og kommunen sjå til at alle heimar blir ivaretekne, ikkje berre dei som står veldig på krava.
- Blir viktig for kommunen å vera på, særleg dei første åra. Må følgja med og ta vurderingar ut frå korleis dette faktisk går. Det må evaluerast undervegs, og ta grep om det er openberre utfordringar med løysinga som er valt.
- Elevane må gjennom overgangar uansett. Det er viktig at dei toler overgangar, at ein er robust i dette. Samtidig er overgangen her tidleg, allereie i 7. klasse.
- Det er overgangsarbeid som skjer etter overgangsplanen i kommunen. I dette er det rutine med samtaler mellom heim og skule. Viss det skal vera eit rom for å ønskja seg ungdomsskule, kan dette vera eit punkt i denne planen – og dermed ikkje bli noko særleg meir tidkrevjande for skulane.
- Barnets beste må gå først

**Kva blei bestemt:**

Einstemmig innstillinga frå SU – Klepp ungdomsskule:

*SU forstår utrekninga og innstillinga til at gjeldande kringsgrenser skal stå, men kommunen må ta omsyn til den enkelte elev. Barnet sitt beste må vurderast. Det må vera rom for å søkja den andre ungdomsskolen.*

22/23-5 | *Elevundersøkinga 2022*

**Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:**

- Rektor viser skriv med oversikt alle trinn.
- Viser <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/analysebrett/?Skole%C3%A5r=&Eierform=Alle%20eierformer&FylkeFilter=&KommuneFilter=&Skole=>

**Kva blei bestemt:**

- Diskusjon rundt ulike tal. Avklaring at det er samlingar av fleire spørsmål som står bak t.d “Trivsel”. Snakka om signifikanse ved forskjell på 0,3.
- SU hadde fokus særleg rundt dette med tala på mobbing i 8. og 9. trinn. Sosiale medier forsterker utfordringane. Viktig at elevane tørr å seia frå til vaksne (heime eller skule). Viktig at foreldre tek ansvar. Elev kan og senda på teams. Skulen undersøker alltid utan å avsløre kven som har sagt kva.
- Skulen arbeider systematisk med trygt og godt skulemiljø. Kvar veke er dette på agendaen i trinnmøta, der ein tek runden om korleis det er i dei ulike klassane. Skulen oppretter aktivitetplanar med ein gong ein elev ikkje har det trygt og godt.
- Skulen vil undersøka resultatata i Klassesetivsel opp mot resultatata i elevundersøkinga.
- Veldig viktig å sjå på tala over tid.
- Sak i elevråd, FAU og med dei tilsette framover.

**Kven tek ansvar:**

Skulen ved rektor tek ansvar i oppfølginga av dette.

22/23-6 | *Orientering om Kvalitetsmeldinga*

**Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:**

- Kvalitetsmelding for Kleppskulen presenterer informasjon om resultat, kvalitet og utvikling for skulane i Klepp med vurderingar knytta til fleire område, tilpassa opplæring, læringsmiljø, læringsresultat, kvalitet heim-skule med meir.
- Skal leggjast fram for hovudutvalet Barn og unge.
- Første gongen ei slik melding blir skriven. Neste år ønskjer rektor å få til betre prosesser for involvering frå elevane og tilsette i prosessen før innlevering.
- Naturleg innslag i neste SU-møte

**Kva blei bestemt:**

- SU tek til orientering

**Kven tek ansvar:**

Rektor skriv kvalitetsmeldinga, frist 28.02. Skulesjef ferdigstiller heile meldinga og presenterer vidare for politikarane.

22/23-7 | *Spørsmål om Klepp tverrfølge team - KTT*

**Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:**

Kråkenes spurte skulen sine representantar om korleis KTT fungerer som hjelp til skulen. Han var undrande til om KTT er meir rådgevande enn ein instans som faktisk lettar arbeidet med utfordringar i skulen.

Skulen sine tilbakemeldingar var at erfaringane er ulike. Nokre døme på at KTT kjem inn og er ein god hjelp i sakar, men og ein del døme på at KTT blir noko som tek meir tid og ikkje hjelper skulen til det den treng hjelp til. Skulen treng ikkje råd, men at KTT kan vera meir direkte til hjelp når skulen står i vanskelege sakar. Ein av

dei tilsette etterlyste funksjonen som Eirik Raude senteret hadde, då i dei mest krevjande sakene.

Neste møte	<i>DATO og TID – dette blei ikkje bestemt. Sannsynleg eit SMU-møte</i>
Oppsummering	<i>Sakar som skal følgjast opp neste møte:</i>
Kvalitetsmeldinga er naturleg, og i den ligg det mykje.	
Skulemiljøet	

Sigurd Ravndal, 24.02.23